
Fra: Øyvind Strømmen <oyvindstrommen@gmail.com>
Sendt: søndag 22. november 2020 16:39
Til: Knut Harald Frøland; Jan Erik Boge; Ingebjørg Vamråk
Emne: Interpellasjon om talerett for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Interpellasjon om talerett for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Heradsstyret i Kvam vedtok 16. juni at Kvam ungdomsråd skulle få møte- og talerett i Kvam formannskap og Kvam heradsstyre sine møter, i dei sakene som kjem inn under ungdomsrådet sitt arbeidsområde. I møte av 3. november vart det i Kvam vedteke tilsvarande for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre, som i Kvam er eitt og ikkje to råd.

For både dei to råda er det sagt at dersom dei ynskjer å nytta seg av møte- og taleretten, så skal dette avtalast med ordførar i forkant av møtet, og at representantane for dei ulike råda får sleppa til i møtet med eit førebudd innlegg i starten av sakshandsaminga til den politiske saka, men før debatten startar. Representantane får ikkje delta i sjølve debatten.

Dette skjedde etter at Kvam ungdomsråd hadde bede ordførar ta eit initiativ til å endra / revidere reglementa i kommunen, for å gjera dette mogleg. Det vart grunngjeve med at ungdomsutvalet ynskjer auka gjennomslagskraft og synlegheit. Ordføraren støtta framlegget, men det vart i samband med sakshandsaminga stilt spørsmål ved om det ikkje også burde gjelda for Kvam sitt råd for personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

Det vert på denne bakgrunn sett fram følgjande spørsmål til ordføraren i Samnanger:
Korleis ser ordføraren på å få gjennomført tilsvarande ordning i Samnanger?

Det vert også sett fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne får møte- og talerett i formannskapet og i kommunestyret sine møter, i dei sakene som kjem inn under deira arbeidsområde. Dersom råda ynskjer å nytta seg av møte- og taleretten skal dette avtalast med ordførar i forkant av møtet. Ungdomsrådet kan møta med inntil 2 representantar, dei andre råda med 1 representant. Representanten (-ane) får sleppa til i møtet med eit førebudd innlegg med taletid på maksimum 5 minutt i starten av sakshandsaminga til den politiske saka, men før debatten startar. Dei får ikkje delta i sjølve debatten av saka.
2. Reglementar for formannskapet, kommunestyret og dei ulike råda vert oppdatert tilsvarande.

mvh

Øyvind Strømmen
kommunestyrerepresentant
Miljøpartiet dei Grøne